

Grendautvala

Lokal samfunnsutvikling i Voss herad

Mål


- Sikra brei deltaking frå alle delar av heradet

Samansetting

- Grendautvala kan ta utgangspunkt i allereie etablerte grendalag eller heradet kan ta del i etablering av nye grendalag.
- Samansetjing av grendautvala er det opp til utvala og sjølv bestemma, men det skal vera ein kontaktperson frå heradet som syter for kommunikasjonen mellom grendautvala og heradet.

Oppgåver

- Grandautvala styrer aktiviteten sin sjølve og kan ta initiativ til tiltak/prosjekt som er ynskjeleg å setja i gang. Oppgåvene til grendautvalet vil variera, men kan t.d. vera å prioritera tiltak, oppretta kontakt med heradet og ha kontakten med heradet i gjennomføringa av prosjekt.
- Grendeutvala kan vera høyringsinstans i aktuelle saker i Voss herad.
- Voss herad kan stilla opp som prosessrettleiar og samarbeidspart, dersom det er utval som ønskjer å starta prosesser for lokal samfunnsutvikling i si gren.



Innspelsmøte

Kontaktperson i grenadutvala på
Evanger, Bulken, Bolstad og
Oppheim deltok på møtet.

Tema:

Kva har fungert godt?

Kva har ikkje fungert?


Kva ynskjer har dei for ordninga i
framtida?



Fungert godt:

- Kontaktpunktet inn mot heradet
- Stadskaping Evanger
- Ein kontaktperson som tek med seg saker inn og arbeidar for at desse kjem på dagsordenen.
- Grendene får jamleg oppdatert dei folkevalde, og særleg grendakontakten, om saker som rører seg.
- Når heradet treng innspel/info frå grenda – kan ein nytta grenautvala for å nå ut til rette interessegruppene.
- Kontaktpunktet demper rykter og snakk om betente saker.
- Møte mellom kontaktpersonane i dei ulike grenautvala.





Fungert mindre godt:

- Kontaktperson i grenadutvala vert vald for fire år.
- Fleire er usikre på rolla si inn mot heradet – dette må bli tydeleg kommunisert.
- Informasjonsflyten har ikkje alltid vore like god og ein har opplevd at møter i grenadutvala ikkje alltid blir prioritert.
- Grendautvala skulle vera ein paraplyorg. for alle lag og organisasjonar i grenda, det har ikkje fungert.
- Når ein løfter saker tek det ofte lang tid før ein får opp sakene og mange i dei ytre grendene har inntrykk av at kommunen ikkje bryr seg. (Sjå tidlegare punkt: Kontaktpunktet dempar dette).
- Treng kontakt med administrasjonen også.
- Ikkje alltid så lett å få status i saker.

Andre innspel:

- Grendautvala bør vera lågterskel.
- Forankring av saker internt i utvala.
- Både positivt og negativt at det er uformelt.
- Bolstad inviterar inn ordførar og varaordførar til eit møtet etter årsmøtet.



Innspel frå administrasjonen

- Grendakontakten arbeider i hovudsak med overordna prosjekt og moglegheiter. Kva ynskjer grenda og korleis kan me få dette til? Igangsetting, rådgjeving og kontaktperson.
- Grendakontakten kan ikkje gå inn i sakshandsaminga. Det er ikkje enkeltpersonar som vedtek kva ein får løyve til eller ikkje, det er regelverket og førande prinsipp som gjeld. Grendakontakten verken kan eller skal nyta sin posisjon for at ei sak skal få særbehandling eller vika frå likebehandlingsprinsippet.
- Standard prosedyre på korleis ein handterar og svarar opp saker vert fulgt av administrasjonen.
- For saker som gjeld politiske prioriteringar kan grennakontakten bli kopla på eller ta initiativ til deltaking.

Framover

- Eit årleg, formelt, statusmøte mellom grenadutvala og varaordførar der det vert ført referat. Her vert også ordførar og administrasjonen inviterte (om det er prosjekt/saker i grenadutvala som har høg relevans).
- Grendautvala bør ta utgangspunkt i eit etablert lag, som eit grendalag..
- Grendautvala bør utnemna/velja ein grenadutvalskontakt, kvart år.
- Føremålet og nytten bør koma tydelegare fram.



Framover

- Årleg møte mellom varaordførar/grendakontakt og alle
grendautvala, for innspel, dialog og idéutveksling.
- Årleg møte mellom kontaktpersonar i dei ulike
grendautvala, grennakontakt og admin.
- Jamleg kontakt mellom grenautvala v/kontaktperson
og varaordførar, samt FPL.
- Grendautvala ynskjer seg ein pott med midlar til som
kan gå til prosjekt i grenene.
- Bør arbeida med rekruttering av fleire grenautval.
- Enkel inngang på nettsida, med info om fordelar,
oppstart og kontaktinfo til dei andre grenautvala.

